



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 12.04.2016

Sak nr.: 16/3187-6
Internt I.nr. 12800/16

Sak: 35/16

Tittel: **Intensjonsavtale - Undervisningskensesjon**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at fylket får ein undervisningskensesjon. Undervisningskensesjonen skal knytast opp mot dei marine utdanningsvegane ved Måløy vidaregåande skule.
2. Fylkeskommunen er nøgde med at vi har kome så langt i prosessen at vi er klare til å søkje Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskensesjon. Vi godkjenner intensjonsavtalen av 04.04.16 med vedlegg 1 som regulerer utrekninga av fast og variabel leige.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp slutföringa av arbeidet og signere endeleg avtale med leigetakar når vi får undervisningskensesjonen frå Fiskeridirektoratet.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette framslikt framlegg til eit punkt 4:

Hovudutvalet oppmodar oppdrettaren til å nytte ny teknologi som bidreg til meir miljøvenleg drift gjennom t.d. løysingar som reduserer rømming og lakselus. Administrasjonen får i oppdrag å legge berekraft til grunn i vidare forhandlingar.

Avrøysting:

Samrøystes vedtak.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at fylket får ein undervisningskensesjon. Undervisningskensesjonen skal knytast opp mot dei marine utdanningsvegane ved Måløy vidaregåande skule.
2. Fylkeskommunen er nøgde med at vi har kome så langt i prosessen at vi er klare til å søkje Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskensesjon. Vi godkjenner intensjonsavtalen av 04.04.16 med vedlegg 1 som regulerer utrekninga av fast og variabel leige.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp slutføringa av arbeidet og signere endeleg avtale med leigetakar når vi får undervisningskonsesjonen frå Fiskeridirektoratet.
4. Hovudutvalet oppmodar oppdrettaren til å nytte ny teknologi som bidreg til meir miljøvenleg drift gjennom t.d. løysingar som reduserer rømming og lakselus. Administrasjonen får i oppdrag å legge berekraft til grunn i vidare forhandlingar.